

Ørsta Frikyrkje ligg sentralt til midt i Ørsta sentrum. Vi er ein fleirgenerasjons- kyrkjelyd med rundt 220 medlemmer og samlar vanlegvis rundt 60 stykker på gudsteneste. Ørsta er ein bygdeby med rundt 7500 innbyggjarar og ligg midt i hjarte av den flotte naturen i Sunnmørsalpane, med kort veg til høgskule, sjukehus og flyplass.

fri kyrkja

Ørsta Frikyrkje søker etter pastor i 60 – 80 % stilling med moglegheit for å auke stillinga til 100 %

Vi søker etter ein pastor som er glad i menneske, som evner å bygge relasjonar og som ikkje er redd for å tenke nytt.

Nøkkeloppgåver:

- Leie utviklinga av kyrkjelyden
- Forkynne og vere med å forme gudstenestelivet
- Spesielt fokus på barn, unge, og familiar
- Utruste leiarar og følgje opp frivillige
- Administrasjon

Ønska kvalifikasjonar:

- Relevant utdanning på universitet- eller høgskulenivå, eller relevant erfaring
- Evne til å arbeide både sjølvstendig og i team
- Formidle livsnær tru igjennom liv og forkynning
- Eit engasjement for unge si tru og deira tilhørigheit i kyrkja
- Personleg utrustning og gode samarbeidsevner vert vektlagt

Dersom to stykker ynskjer å dele på stillinga, er vi opne for det.

Den tilsette vil ha anledning til å kunne påverke både arbeidsoppgåver og satsingsområde. Stillingsinstruksen vil bli utforma i samarbeid med den som vert tilsett. På sikt ynskjer vi også å tilsette ein ungdomsarbeidar.

Pastor er forplikta til å lære og leve i samsvar med Guds ord og den Evangeliske Lutherske bekjennelse. Løn og pensjon etter Frikyrkja sitt avtaleverk.

Har du lyst å vite meir om kyrkjelyden eller treng meir informasjon, ta kontakt med fungerande forstandar Sølve Hatlen på tlf. 41 923 251 eller leiande eldste Kjell Petter Wiik på tlf. 90 177 297.

Søknad med CV kan sendast til orsta@frikyrkja.no

Søknadsfrist: 15. mars

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja